



«Hordaland fylkeskommune, kontrollutvalet»
«Samnanger kommune, kontrollutvalet»

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.: «REF»
Vår ref: 2014/404
Vår dato: 23.01.2015

Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS – Invitasjon til deltaking.

Bakgrunn for saka:

I Kvam herad sin vedtekne plan for selskapskontroller Storeholmen VTA AS eit av dei prioriterte selskapa for selskapskontroll for perioden 2012-2016.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 13, Selskapskontroll, står det m.a. dette under merknader:

"I kommunalt/fylkeskommunalt eid selskap med mange eiere som hver for seg gjennom sine kontrollutvalg kan kreve innsyn i selskapet for å gjennomføre selskapskontroll etter denne bestemmelsen, kan det være hensiktsmessig at slikt innsyn blir samordnet gjennom avtale mellom deltakerne/eierne."

Vidare står det m.a. dette på side 114 i kontrollutvalgsboka:

"Dersom selskapet som skal kontrollerast er eigd av fleire kommunar, vil det vere føremålstenleg at kontrollutvala i eigarkommunane samordnar kontrollen for å unngå unødig belastning for selskapet."

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet i Kvam herad slikt vedtak i sak 39/14 i møte 01.12.2014:

1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS frå Deloitte AS, dagsett 18.11.2014, både gjeldande pkt. A om eigarskapsforvaltning og pkt. B om drift.
2. Selskapskontrollen vert gjennomført i høve prosjektplanen sitt punkt 4.2, Ressursbruk.
3. Prosjektplanen vert å sende som invitasjon til deltaking til dei andre eigarkommunane med svarfrist 28.02.2015. Kostnad for prosjektet vert utrekna i høve eigardel i selskapet.
4. Kontrollutvalet i Kvam herad vil gjennomføre selskapskontroll av Storeholmen VTA AS uavhengig av om dei andre eigarkommunane deltek eller ikkje.
5. Endeleg rapport, inkludert uttale frå rådmann og selskapet vert sendt sekretariatet innan utgangen av mai månad 2015.

Saksframlegg og saksprotokoll frå dette møtet samt prosjektplan frå Deloitte ligg ved.

Drøfting:

I tråd med punkt 3 i vedtaket i kontrollutvalet i Kvam herad 01.12.2014 vert kontrollutvalet i Samnanger kommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune invitert til å delta i ein felles selskapskontroll av Storeholmen VTA AS

Av prosjektplanen frå Deloitte går det fram at prosjektet kan gjennomførast i to delar:

Eigarskapskontroll: A) Problemstillingar knytt til den kommunale eigarskapsforvaltninga
Forvaltningsrevisjon: B) Problemstillingar knytt til drifta i selskapet

Kontrollutvalet i Kvam herad har vald å gjennomføre begge desse delane, men det er fullt mogeleg å berre gjennomføre ein av delane. Kostnadene med å delta i **eigarskapskontroll** for eigen kommune sin eigarskapsforvaltning, er i prosjektplan berekna til 50 timar for den einskilde kommune/fylkeskommune. I tillegg kan Deloitte fakturere inntil 4 timar for koordinering og inntil 6 timar for utarbeiding av tilpassa rapport til kommunen og presentasjon på KU møte for kvar kommune/fylkeskommune. Det kan og kome til noko ekstra kostnad om kommunen/fylkeskommunen ønskjer at Deloitte skal presentere den ferdige rapporten i kommunestyre/fylkesting. Dette vert i tilfelle avtala med det einskilde kontrollutval.

Aktuell kommune/fylkeskommune sin andel av kostnadene dersom ein ønskjer å delta i forvaltningsrevisjon i Storeholmen VTA AS, kan bereknast etter ein slik modell:

Ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon i Storeholmen VTA AS skal kostnadene delast mellom dei kommunane (fylkeskommunen) som vil vera med ut frå forholdsvis eigarskap.

Alle tre er med:

Samnanger kommune: Eigardelar 100%, som er med $90,91 \% \times 9,09 = 10 \%$ av kostnadene
Dette utgjør då 15 timar

Hordaland fylkeskommune: Eigardelar 100%, som er med $90,91 \% \times 36,36 = 40 \%$ av kostnadene
Dette utgjør då 60 timar

Kvam herad: Eigardelar 100%, som er med $90,91 \% \times 45,45 = 50 \%$ av kostnadene
Dette utgjør då 75 timar

Berre Samnanger kommune og Kvam herad: Eigardeler 100%, som er med $54,54 \% \times 9,09 \% = 16,66 \%$ av kostnadene må dekkast av Samanger. Dette utgjør då 25 timar

Berre Hordaland fylkeskommune og Kvam herad: Eigardeler 100%, som er med $81,81 \% \times 36,36 = 44,4 \%$ av kostnadene må dekkast av Hordaland fylkeskommune. Dette utgjør då 66,5 timar

Timeprisen som vert lagt til grunn i dette prosjektet er timeprisen den einskilde kommune har i sin avtale med Deloitte.

Det kan elles opplysast om at det er ei målsetting å laga ein felles revisjonsrapport til alle eigarkommunane som vil delta når det gjeld **forvaltningsrevisjon** medan det vert laga rapport til kvar einskild kommune for dei som vel **eigarskapskontrollen**.

Konklusjon:

Ut frå dette ber vi om at kontrollutvalet i Samnanger kommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune tek stilling til desse spørsmåla:

1. Ønskjer kommunen/fylkeskommunen at Deloitte skal gjennomføre eigarskapskontroll av Storeholmen VTA AS?
2. Ønskjer kommunen/fylkeskommune å delta i forvaltningsrevisjon som Deloitte skal gjennomføre av Storeholmen VTA AS?

Vi ber om at svar vert sendt hit seinast innan 28.02.2015.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll kontrollutvalet i Kvam 011214 Prosjektplan Storeholmen VTA
- 2 Saksframlegg kontrollutvalet i Kvam herad 011214, Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS
- 3 Prosjektplan frå Deloitte, Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS

Kopi til:

Deloitte AS Postboks 6013 Postterminalen 5892 BERGEN